

Stad: Bømlø Kulturhus, Bremnes

Dato: Tysdag 15.06.2021, påmeldingsfrist 11.juni

Registrering av stemmer frå kl. 17:00 - 17:50. Oppmøte etter kl. 17:50 gir ikkje stemmerett på årsmøtet.

SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ ÅRSMØTE 17. JUNI 2020	2
SAK 3.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOKA OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR.....	2
SAK 4.	GODKJENNA ÅRSMELDING FOR 2020	2
SAK 5.	GODKJENNA RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2020.....	2
SAK 6.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT	3
SAK 7.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND	7
SAK 8.	ENDRING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND	7
SAK 9.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR	9
SAK 10.	VELJA REVISOR	9
SAK 11.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR	9
SAK 12.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET	12
SAK 13.	VEDTEKSENDRINGAR.....	12

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 2. Godkjenning av møteboka frå årsmøte 17. juni 2020

Tilråding til vedtak:

Møteboka for årsmøte 17. juni 2020 vert godkjend.

Sak 3. Val av to personar til å skriva under møteboka og val av to valobservatørar

Sak 4. Godkjenna årsmelding for 2020

Tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2020 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag SA.

Sak 5. Godkjenna resultatrekneskap og balanse for 2020

Tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 6. Gjera vedtak om disponering av overskot

Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:

Disponering av resultat	34 376 575
Foreslått utdelt allmennyttige gåver	1 960 900
Overført til annan egenkapital	20 415 675
Avsett til kjøpsutbytte medlemmer *	12 000 000
Sum disponeringar	34 376 575

- Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra utbetaling av kjøpsutbytte til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2020. Administrasjonen skal sørge for at utbetalinga skjer i samsvar med lov om samvirkeforetak

Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Almennyttige gåver	
Gåvefond, disponert av styret	1 200 000
Bømlo Idrettslag, Lysløype Langevåg	550 000
Bømlo jakt og fiskelag, skytebane for vilt i bevegelse	106 100
Moster Idrettslag, Lys grasbane	59 300
Sønstabø og Nordtun Gardslag, Gapahuk i grindverk	45 500
Sum	1 960 900

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram

Følgjande premisser ligg til grunn for styret sine tilrådingar om allmenntilgje gåver.

Finnås Kraftlag SA er eit allmenntilgje samvirkeleg med skiftande medlemstal og kapital. Det at Kraftlaget er eit allmenntilgje selskap vil seie at det skal vera til gagn for allmenta.

I vedtektene § 2 står det at Kraftlaget kan yta gåver til tiltak med allmenntilgje føremål i konsesjonsområde.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmenntilgje formål som er rimelege utifrå formålet med gáva, stillinga til føretaket og omstenda elles. Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

Etter praksis sett på årsmøta, har øvste grensa for utdeling av midlar liggje på ca. 3 mill.kr. Det er naturleg at ein vurderer ut frå overskot i verksemda.

Gáva/forskoteringa skal vera allmenntilgje. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte, bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr. 400.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmenntilgje føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 1.200.000 til fond for allmenntilgje føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerer.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar.

Søknadar 2021 – tilråding frå styret

1. Søknad om gåve til etablering av lysløype i regi av Bømlo Idrettslag

Bømlo Idrettslag har planar om å etablere ei 1,4 km lang lysløype i tilknytning til eksisterande idrettsanlegg/grasbane på Langevåg. Lysløypa vil gå i delar av eksisterande veg opp mot vasstårn og elles i nyetablert veg på austsida av vasstårnet. Det er planlagt universell utforming og løypa vil vera tilrettelagt for rullestolbrukarar. Vegbreidda skal vera to meter.

Budsjettet viser ein totalkostnad på kr. 3.496.057,-

Styret ser positivt på søknaden om gåve til etablering av lysløype og vil tilrå at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 550.000,-. Størrelsen på gåvebeløpet er rekna ut etter same prinsipp som vart nytta for Fet-lysløypa.

2. Søknad om gåve til skytebane for vilt i bevegelse

Bømlo Jeger og Fiskelag byggjer viltmålbane etter Nasjonal Standard på Gilje Skytebane. Dette er ein del av BJFL og Norges jakt og fiskeforeining sine mål om å ha best mogleg dekning på skytebaneanlegg for å fremje jakt og skytesport. Viltmålbanda vil bli brukt til trening og konkurransar. Trening på skyting på viltmål i bevegelse er viktig for å oppretthalde god skyteknunnskap som igjen er viktig for å gjennomføre human jakt. Det er og viktig for å trene jegerar som deltar i jakt etter skada vilt (ettersøk).

Prosjektet er starta opp og det er opparbeidd veg i området. Grav- og målområde er opparbeidd med kulefang og skjerming. Standplass er planert. Løpebane er innkjøpt for midlar frå Sparebanken Vest og eigne midlar. Gjenståande arbeid er betong og grunnarbeid for bana og standplass, elektroarbeid, reising av bygg, slutføring av støyvollar og såing av grøntareal.

Budsjettet viser ein totalkostnad på kr. 1.515.349,-

Styret ser positivt på søknaden til Bømlo Jakt og Fiskelag om gåve til ferdigstilling av skytebane for vilt i bevegelse, og vil tilrå at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 106 100,-



Markerte byggjestart for lysløype på Langevåg

Flagget gikk i marked på torsdag til topps ved klubbhuset til Bømlo IL, da idrettslaget markerte byggjestart for ny lysløype.

3. Søknad om gåve til Lys på grasbane Moster

Moster idrettslag har planar om å etablere belysning av grasbana på Moster. Dei har eit pågåande prosjekt med belysning av kunstgrasbana, og ynskjer samtidig å etablere lik belysning på grasbana. Det meste av arbeidet og kostnadane dreier seg om kostnadar til elektroinstallatør som skal stå for leveranse og montasje.

Budsjettet viser ein total kostnad på kr. 847.379,-

Styret ser positivt på søknaden til Moster idrettslag om gåve til etablering av belysning, og vil tilrå at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 59 300,-

4. Søknad om gåve til Gapahuk i grindverk

Sønstabø og Nordtun Gardslag har planar om å byggje ein lukka gapahuk plassert på Kjølen som ligg i tilknytning til turløypa Hallaråker rundt. Turløypa har tilknytning til både Hallaråker og Meling. Det er på plass avtale med grunneigar om plassering av gapahuken. Søkjar ser for seg at det blir plassert gyngestolar ved vindauga og dei har som mål at ein skal nå gapahuken med rullestol. Gapahuken vil innehalde vedfyrt kjøkkenkomfyr slik at ein kan få til allsidig bruk av gapahuken. Gapahuken skal byggast som eit grindbygg. Det er og planar om å få installert straum i gapahuken på eit seinare tidspunkt. Det er mange kulturminne i området og gardslaget har på sikt planar om å lage ei kulturløype i tilknytning til gapahuken.

Budsjettet viser ein total kostnad på kr. 649.000,-

Styret ser positivt på søknaden til Sønstabø og Nordtun Gardslag om gåve til bygging av gapahuk, og vil tilrå at årsmøtet støttar prosjektet med kr. 45 500,-

Søknad ikkje tilrådd innvilga

5. Søknad om gåve til Gullvegen stormhytter

Gullvegen Stormhytter AS som grunneigarar i gullgruveområdet står bak, søker om støtte til å utvikle eit unikt overnattingskonsept i Gullfeltet på Lykling. Det skal byggjast hytter i glas som er dimensjonert for røffe vêrforhold. Det er tanken at det skal vera ekstra spektakulært å bu i hyttene i periodar med dårleg vêr, derav namnet «Stormhytter». Dei tenkjer at første fase består i å sette opp 2-3 slike hytter våren 2021. Hyttene skal leigast vekk, og det vil vera like vilkår for lokale innbyggjarar som for tilreisande.

Prosjektet har eit budsjett på totalt kr. 1 415 000,-.

Styret gjorde slikt vedtak:

Styret ser ikkje at dette prosjektet oppfyller krava om at tiltaket skal vera allmennyttig og vil difor ikkje tilrå at årsmøtet støttar prosjektet.

Sak 7. Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd

Av rekneskapen for 2020 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 457.012 (kr. 546.100 totalt for konsernet)

Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2020.

Sak 8. Endring av godtgjersle til styret og valnemnd

Satsane for styrehonorar vart sist endra på årsmøte i 2019. Det står i vedtaket at satsane skal vurderast neste gong i 2021.

Gjeldande satsar:

Faste godtgjersler.

- Styreleiar kr. 87.800,-
- Nestleiar kr. 31.600,-
- Styremedlemene kr. 20.900,-
- Møtegodtgjersle for styremedlemene ved styremøte kr. 1653,-

I tillegg til møtegodtgjersle kjem eventuelt dokumentert tapt arbeidsforteneste.

Møtegodtgjersle andre møter og kurs for styremedlemene og valnemnd:

- Møter med varigheit over 4 t kr. 2985,-
- Møter med varigheit under 4 t kr. 1592,-

(grunnlag kr. 398 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Tilråding til nye satsar for godtgjersle til styret og valnemnd:

Faste godtgjersler er justert opp med ca. 5,4 %. Dette er i tråd med lønnsvekst i verksemda dei siste to åra.

I samband med konserndanning har ein vedtatt å ha likt styre i alle dotterselskapa. Det er inga godtgjering for styremedlemane i dotterselskapa og både møtelengde og saksomfang er auka. Av den grunn føreslår ein å innføre ein ny sats for styremøte som varer over fire timar. Ein samordnar og satsane for styremøte og andre møte.

Faste godtgjersler:

- Styreleiar kr. 92.500,- (87.800,-)
- Nestleiar kr. 33.300,- (31.600,-)
- Styremedlemane kr. 22.000,- (20.900,-)

Møtegodtgjersle for styremedlemane ved styremøte:

- Møter med varigheit under 4 t kr. 1.742,- (1653,-)
- Møter med varigheit over 4 t kr. 3.266,- (ny frå 2021)

Møtegodtgjersle møter og kurs for styremedlemane og valnemnd:

- Møter med varigheit under 4 t kr. 1.742,- (1592)
- Møter med varigheit over 4 t kr. 3.266,- (2985)

(grunnlag kr. 435,5 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.

Ny vurdering i 2023.

Sak 9. Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2020 går det fram at det er betalt kr 150.000 for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 152.381 for tilleggstenester av rekneskapsmessig eller juridisk art. (Tall for konsernet totalt hhv kr. 235.000 og kr. 221.681)

Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vert godteken i samsvar med rekneskap for 2020.

Sak 10. Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

Tilråding til vedtak:

Deloitte vert vald til revisor.

Sak 11. Velja styre og styreleiar

Styremedlemmer på val:

- Torleiv Fylkesnes
- Anne-Beth Njærheim
- Ove Grønås

Styreleiar på val:

- Torleiv Fylkesnes

Varamedlemmer på val:

- Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
- Reinert Røksund
- Stina Raknes Kvarven

Til årsmøtet

Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag

Valnemnda har arbeid etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken av årsmøte 4. mai 2011.

Valnemnda har vore samansett slik:

Selma Karin Vestvik
Job Nedrebø
Oddgeir Alvsvåg
Kjetil Aga Gjørseter
Hilde Markhus (Leiar)

I instruks heter det at Valnemnda skal koma med skriftleg framlegg til årsmøtet på kandidatar til vervet som styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal leggja fram og grunngi sine framlegg.

I instruks heter det vidare at det ved *val av medlemmer til styret skal leggast vekt på:*

- At styret får den kompetansen som er nødvendig.
- At medlemmane har gode samarbeidsevner.
- At samansetninga av utdanningsbakgrunn og erfaring skal gjera styret til en ressurs for kraftlaget gjennom sitt arbeid.
- At medlemmer av styret bør ha ulik kompetanse og være villig til å tileigne seg kompetanse som styret har bruk for.
- At medlemmer av styret bør ha eigenskapar og/eller erfaringar som vil styrke styrets totalkompetanse.

Valnemnda er av den oppfatning at sitjande styret oppfyller alle desse vilkåra. Me har eit godt styre med engasjerte medleamar med allsidig kompetanse og erfaring.

Når valnemnda i år ikkje innstiller til endring i hovudstyresamansettinga, er det ut ifrå ei totalvurdering av kandidatar, og fordelane ved god kontinuitet.

I varamedlemslista foreslår ein ei endring.

Valnemnda si innstilling er som fylgjer:

Styremedlemmer (2 år):

Anne-Beth Njærheim - Attval. Njærheim har vore vara til styret frå 2000 og blei valt inn som styremedlem i 2003. Njærheim har vore folkehelsekoordinator i Bømlo kommune. Engasjert i politikk på lokalt og fylkesnivå. I dag jobbar ho som klinikkdirektør ved Stord sjukehus.

Torleiv Fylkesnes - Attval. Fylkesnes har vore styremedlem sidan 2000 og styreleiar sidan 2007. Han har allsidig leiarerfaring frå privat verksemd.

Torleiv Fylkesnes innstillast også som **Styreleiar (1 år)**.

Ove Grønås – Attval. Grønås har vore vara til styret frå 2008 og vart valt inn som styremedlem i 2013. Han har allsidig leiarerfaring frå byggebransjen.

Varamedlemmer blir valt for 1 år om gongen:

1. vara:

Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm (attval) - Folgerø-Holm har vore vara sidan 2015. Folgerø-Holm har lang leiarerfaring frå kommunal verksemd i forskjellige stillingar innan helse og omsorg. I dag jobbar ho som rådgjevar for Bømlo kommune.

2. vara:

Geir Ivar Ådnanes (på val) - Ådnanes har hatt ulike leiarstillingar i Bremnes Seashore. I dag jobbar han som fabrikkseier her. På heimegarden på Ådnanes er han med å produsere egg og mjølk saman med kona og faren.

3. vara:

Stina Raknes Kvarven (attval) - Raknes Kvarven har vært vara sidan 2018. Bakgrunn som lærar og kompetanse innan marknadsføring, identitets og merkevarebygging. I dag jobbar ho som informasjons- og administrasjonsleiar for Bømlo Folkehøgskule.

Notlandsvåg 22.03.21

Hilde Markhus
Leiar valnemnda

Sak 12. Velja valnemnd etter forslag frå styret

Iflg vedtektene § 8.2 , styret sine gjeremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Utdrag frå § 9, valnemnd:

Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medlemmar.

Medlemene i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Årsmøtet vel og leiar.

Valnemnda har vore samansett slik:

Kjetil Aga Gjøsæter	på val i 2021.
Oddgeir Alvsvåg	på val i 2021.
Hilde Markhus	ikkje på val i 2021
Selma Karin Vestvik	ikkje på val i 2021
Job Nedrebø	ikkje på val i 2021

Leiar har vore Hilde Markhus. Leiar vert vald for eit år om gongen og er difor på val kvart år.

Kjetil Aga Gjøsæter ynskjer ikkje attval.

Framlegg til vedtak:

Styret føreslår for årsmøtet følgjande medlemmer i valnemnda:

Oddgeir Alvsvåg, attval for 2 år.

Jannicke Gjerdevik , ny, vald for 2 år

Leiar vald for 1 år: Hilde Markhus, attval.

Sak 13. Vedtektsendringar

Som ein konsekvens av omorganisering til konsern er det nødvendig å tilpasse vedtektene for å sikre årsmøtet sin kontroll over dotterselskapa. Styret foreslår samtidig nokre korrigeringar av vedtektene. Framlegg til endringar og grunngjeving er lista opp nedanfor. Framlegg til reviderte vedtekter, samt gjeldande vedtekter, er vedlagt saka.

Dei fleste endringane er rekna som mindre vedtektsendringar med unntak av endringa i § 12 som er rekna som vesentleg då ein tolkar at dette må følgje same prosedyre som det den aktuelle paragrafen regulerer.

Ein vel å handtere desse endringane samla og i samsvar med kriteria for vesentlege vedtektsendringar . Det krevst såleis 4/5 fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte før dei er endeleg vedtatt. Dette er første gang saka er opp til handsaming av årsmøtet.

- **1. endring: Ivareta eigarane sin kontroll over dotterselskapa**

Bakgrunn for endringsforslag

Stortinget vedtok 18.03.2016 endringar i energilova og innførte krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje. For å tilpasse seg lovkrava gjennomførte Finnås Kraftlag ei omorganisering til konsern gjeldande frå 01.01.2020.

Årsmøte 2019 handsama denne saka. I saksframlegget stod det at omorganiseringa skal gjennomførast slik at ho får så få verknader og endringar som mogleg for medlemmene i Finnås Kraftlag, og ivareta eigarskap til eksisterande verksemdsområde.

For å ivareta eigarane sin kontroll over dotterselskapa føreslår ein desse vedtektsendringane:

1) Nytt kulepunkt under § 2 Føremål:

eiga aksjane i dotterselskapa Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS

2) Nye avsnitt under § 12.1 Vedtektsendringar

- 1. Føretaket kan ikkje selja aksjar i Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS utan å ha innhenta godkjenning frå årsmøtet og vedtak om endring av vedtektenes § 2.*
- 2. Føretaket skal berre stemme for forslag om vedtektsendringar i dotterselskap, andre avgjersler som krev kvalifisert fleirtal på generalforsamling i vedkommande dotterselskap eller sal av vesentlege aktiva i eit eller fleire dotterselskap, dersom forslaget først er vedteke på årsmøte i Føretaket med det same fleirtal som ville vore nødvendig for å vedta tilsvarande forslag i Føretaket. Dersom slik godkjenning ikkje finnast skal Føretaket stemme mot slike forslag på generalforsamlingar i dotterselskap.*

- **2. endring: Klargjøring/presisering av § 4.2 Medlem kan vera**

Ordlyd i dag:

Personar som er folkeregisterførte i Finnås Kraftlag sitt konsesjonsområde og alle organisasjonar/verksemder som kjøper varer eller tenester frå laget.

For å tydeleggjera at omsettingsplikta gjeld alle medlemmer og at organisasjonar må ha aktivitet i konsesjonsområdet, foreslår me formuleringa nedanfor:

4.2 Medlem kan vera:

- *Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*
- *Organisasjonar/verksemder som har aktivitet i konsesjonsområdet, og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*

- **3. endring: Eintydig omtale/referanse av «føretaket»**

I gjeldande vedtekter er føretaket referert til med mange ulike ordlydar: selskapet, Finnås Kraftlag, kraftlaget, laget osv. Ordlyden er nå konsekvent endra til «Føretaket».

- **4. endring: Tilpasse ordlyd til ny konsernstruktur**

«føretaket, eller av eit selskap som føretaket eig åleine»

§ 4.2 Medlem kan vera

- *Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*
- *Organisasjonar/verksemder som kjøper varer eller tenester knytt til aktivitet i Føretaket sitt konsesjonsområde, anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*

§ 8.1 samansetnad og val av styre

Årsmøtet vel seks styremedlemer og tre varamedlemer i rekkje. Ein styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Føretaket *og selskap som føretaket eig åleine*.

§ 11.1 Etterbetaling

Etter vedtak på årsmøte kan det gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemene i Føretaket på grunnlaget av kjøp av tenester frå Føretaket *og/eller frå selskap laget eig åleine*.

- **5. endring: fjerne sist avsnitt i § 7.6**

Ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster.

Styret foreslår å fjerne denne setninga då den kan vera uklar og skapa tvil om talet på lovlege røyster. Døme: Representant frå ei bedrift kan i tillegg til å røyste på vegne av firma, også røyste som privatperson og ha ei fullmakt. Dermed vil denne personen i dette eksempelet ha meir en to røyster. Dette vil vera i tråd med vedtektene, men formuleringa «ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster» kan skapa tvil om tolking.

Ved å fjerne denne setninga, endrar me ikkje på innhaldet, då § 7.6, 4. avsnitt allereie regulerer forholdet:

*Alle medlemene har rett til å møta på årsmøtet, og kvar medlem har ei røyst. Ein medlem kan vera representert ved fullmektig etter eige val, men *ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem*. Dersom fullmektigen sjølv er medlem, kan vedkomande røysta for både seg sjølv og fullmaktsgjevaren.*

- **6. endring: Vedtektsendring § 12.2**

Styret foreslår at siste kulepunkt § 12.2 fjernast, då omsetnadsplikt allereie er eit krav og dermed ikkje samsvarar med § 4.2:

- *Innføring av omsetnadsplikt med føretaket eller vesentleg skjerping av slik plikt*

Endring av ordlyd i § 12.2 krev 4/5 fleirtal på 2 etterfølgjande ordinære årsmøte.

Viser ellers til uttale frå advokat Disch, Deloitte:

«dette er ikke vesentlige endringer, men kun korrigeringer for å tilpasse disse til ny konsernsituasjon og ellers bare presiseringer. Ingen nye reguleringer. Dette med unntak for endringene i §12 som antas å måtte undergis samme prosedyre som den regulerer.»

Framlegg til vedtak:

Årsmøte godkjenner framlegg til ny ordlyd i vedtektene. Saka må opp til endeleg godkjenning på neste ordinære årsmøte og krev 4/5 fleirtal.